



Hugsar du dei 3 muntre karane Kirkvaag, Lystad og Mjøen som dro ut på ekspedisjon Elvegris? Uskedalen har ein parallell som er iferd med å verta ein tradisjon, ein ekspedisjon gjennom dei nedre delar av elva vår. I dag vart han gjennomført og vart igjen særst vellukka.

8 personer var med melder ekspedisjonsleiinga til massemedia. Vassføringa var riktignok i minste laget og litt tregt gjekk det her og der. Men ekspedisjonen vart faktisk gjennomført på 2 timer frå Døsland til fjorden. Det står respekt av den prestasjonen.

- Ingen vart skada på noko vis, melder den same leiinga som har basen sin i nausta på Sanden.

Over har dei fyrste båtane nettopp passert brua og under nærmar ekspedisjonen seg målet.

Konklusjon: Eit forfriskande innslag når termometeret kryp opp mot 30 grader!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

